



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kommunestyret
Møtedato:	19.09.2024
Møtetid:	13:00 -16:00
Møtestad:	Kommunehuset, Kommunestyresalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti
Erlend Kvamsdal	ordfører	H
Sigrun Haugsdal Reknes	medlem	H
Kariann Ekren	medlem	H
Gunnar Andvik	medlem	H
Vebjørn Haugsdal	medlem	H
Veronika Hjartholm	medlem	H
Geir Egil Haugsvær	varaordfører	SP
Rigmor Søyvik	medlem	SP
Stian Søyvik	medlem	SP
Torill Torsvik Størkersen	medlem	AP
Mariann Fløtre Andvik	medlem	AP
Ragnvald Tangedal	medlem	AP
Ørjan Daae	medlem	FRP
Svein Bjarte Fredheim	medlem	FRP
Tove Kristin Sleire Tistel	medlem	V

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
------	-------	-------

Aina Sleire	medlem	AP
Bjarte Andvik	medlem	H

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Vara for	Parti
Helga Nyhavn Matre	Bjarte Andvik	H
Marit Bjånes Bjørneklett	Aina Sleire	AP

Følgjande frå administrasjonen møte:

Anne Kristin Rafoss	rådgjevar
Svein Helge Hofslundsengen	rådmann

Møteprotokoll er publisert på nettsida til kommunen og vert godkjent i neste møte.

Anne Kristin Rafoss

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Tittel	Unntak frå innsyn
PS 82/2024	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 83/2024	Godkjenning av møteprotokoll frå kommunestyremøte 20.06.24	
PS 84/2024	Vedk. tilbod kjøp av SIVA sine aksjar i Gulen og Masfjorden utvikling as	Offl. § 13 1. ledd, jf. Fvl. § 13 1. ledd
PS 85/2024	Kjøp av ny brannbil til Matre brannstasjon	
PS 86/2024	Forprosjekt fleirbrukshall på Hosteland	
PS 87/2024	Revidering av kraftfondsbudsjettet 2024	
PS 88/2024	Politiberedskap i Nordhordland	
PS 89/2024	Retningslinjer for lærlingane i Masfjorden kommune	
PS 90/2024	Framlegg til lokal forskrift om feiing og tilsyn med fyringsanlegg og regulering av feiegebyr for Masfjorden kommune	
PS 91/2024	Referatsaker	
RS 20/2024	Møteprotokoll frå Eldrerådet 25.06.24	
RS 21/2024	Informasjon om ny valglov og stortingsvalget 2025	
RS 22/2024	Vidaregåande skular i Region Nordhordland og heilskapleg tilbodsstruktur i Vestland fylkeskommune	
RS 23/2024	Oversending - Masfjorden kommune - budsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027	
RS 24/2024	Sakliste Regionråd 5-2024, fredag 13. september	

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 19.09.2024 av sak 82/2024 Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 19.09.2024 av sak 82/2024 Godkjenning av innkalling og saksliste:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 19.09.2024 av sak 83/2024 Godkjenning av møteprotokoll frå kommunestyremøte 20.06.24

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 19.09.2024 av sak 83/2024 Godkjenning av møteprotokoll frå kommunestyremøte 20.06.24:

Møteprotokoll frå kommunestyremøte 20.06.24 vert godkjent.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 19.09.2024 av sak 85/2024 Kjøp av ny brannbil til Matre brannstasjon

Varabrannsjef Jan Ivar Kjelby møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Torill Torsvik Størkersen sette fram følgjande fellesframlegg i møtet:

- Kommunestyret godkjenner at kommunen går til innkjøp av brannbil til Matre Brannstasjon. Det vert løyvd inntil kr. 950 000 til innkjøp og merking av brannbil. Dette vert finansiert av eingongsavgift, mva og fondsavsetningar.

Framlegg til vedtak sett fram i møtet vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 19.09.2024 av sak 85/2024 Kjøp av ny brannbil til Matre brannstasjon:

Kommunestyret godkjenner at kommunen går til innkjøp av brannbil til Matre Brannstasjon. Det vert løyvd inntil kr. 950 000 til innkjøp og merking av brannbil. Dette vert finansiert av eingongsavgift, mva og fondsavsetningar.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 19.09.2024 av sak 86/2024 Forprosjekt fleirbrukshall på Hosteland

Saka vart drøfta.

Gunnar Andvik (H) sette fram følgjande framlegg til vedtak på vegne av H, Sp, FrP og V:

- Kommunestyret vedtek oppstart av forprosjekt for fleirbrukshall på Hosteland. Det vert løyvd krone 500.000,- til arbeid med forprosjektet, finansiert med fondsmidlar. Kommunestyret opnar for at ein søker om fylkeskommunale midlar knytt til stønadsordninga «nyskapande aktivitetsanlegg» med frist november 2024 samt prosjektilskot hjå fylkeskommunen. Forprosjektet skal omfatte ein mulighetsstudie som synleggjer alternative løysingar både for tradisjonell hallaktivitet og nyskapande aktivitet. Arbeidet med forprosjektet skal vera gjort ferdig innan sommaren 2025, men avklaringar rundt behov for reguleringsplan skal avklarast snarast mogleg. Rådmannen oppnemner tilsette frå ulike einingar som skal vere med i arbeidsgruppa saman med representantar oppnevnt av idrettsrådet. Viktige brukargrupper skal involverast i arbeidet som t.d. repr. for personar med nedsett funksjonsevne samt dei kommunale råda og rådsorgana ved skulane og barnehagane. Formannskapet vert styringsgruppe for arbeidet.

Framlegg til vedtak sett fram i møtet vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 19.09.2024 av sak 86/2024 Forprosjekt fleirbrukshall på Hosteland:

Kommunestyret vedtek oppstart av forprosjekt for fleirbrukshall på Hosteland. Det vert løyvd krone 500.000,- til arbeid med forprosjektet, finansiert med fondsmidlar. Kommunestyret opnar for at ein søker om fylkeskommunale midlar knytt til stønadsordninga «nyskapande aktivitetsanlegg» med frist november 2024 samt prosjektilskot hjå fylkeskommunen. Forprosjektet skal omfatte ein mulighetsstudie som synleggjer alternative løysingar både for tradisjonell hallaktivitet og nyskapande aktivitet. Arbeidet med forprosjektet skal vera gjort ferdig innan sommaren 2025, men avklaringar rundt behov for reguleringsplan skal avklarast snarast mogleg. Rådmannen oppnemner tilsette frå ulike einingar som skal vere med i arbeidsgruppa saman med representantar oppnevnt av idrettsrådet. Viktige brukargrupper skal involverast i arbeidet som t.d. repr. for personar med nedsett funksjonsevne samt dei kommunale råda og rådsorgana ved skulane og barnehagane. Formannskapet vert styringsgruppe for arbeidet.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 19.09.2024 av sak 87/2024 Revidering av kraftfondsbudsjettet 2024

Framlegg til vedtak frå Kraftfondstyret vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 19.09.2024 av sak 87/2024 Revidering av kraftfondsbudsjettet 2024:

Kraftfondstyret 06.09.2024

Kraftfondsbudsjettet 2024 vert revidert slik for 2024 (høgre kolonne);

		Budsjett
		2024, pr. 22.2.
Inntekter:	Påfyll kraftfondet - konsesjonsavgift	-3 200 00
	Avdrag utlån frå kraftfondet	-100 00
	Rente utlån frå kraftfondet og andre inntekter	-50 00
	Unyttta midlar kraftfondet 2023	
	Sum inntekter	-3 350 00
Utgifter:	Masfjordsambandet - brufond jf. KS 45/12	1 000 00
	LVK, regionrådet, m.fl. – tilskot/kontigent 2024	630 00
	Arrangement, profilering av kommunen/div	500 00
	Næringsarbeid innan kommuneadminstrasjonen	100 00
	Ungdomsråd; kompetanseheving/båtførarbevis til ungdom	50 00
	Mjølkekvote	
	Elevbedrift/grundercamp	20 00
	Andre næringstiltak - (GMU med 350.000)	350 00
	Etableringstilskot	300 00
	Frie fondsmidlar til fordeling	400 00
	Sum utgifter	3 350 00

Tilskot gjennom kraftfondet vert nedskrive over 5 år. Ved sal av varige driftsmiddel/ verksemd/tilskotgrunnlag før dette tidsrommet er ute, skal kommunen ha tilbakebetaling i høve til den tid som er gått – til dømes vil sal etter 3. året tilseie at kommunen skal ha tilbakeført 2/5 av tilskotet.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 19.09.2024 av sak 88/2024 Politiberedskap i Nordhordland

Vebjørn Haugsdal ba om å få habiliteten sin vurdert i sak 88/2024 Politiberedskap i Nordhordland. Kommunestyret vurderte habiliteten opp mot forvaltningslova § 6 bokstav a, og kommunelova § 11-10 første ledd om inhabilitet for folkevalde, og vedtok at Haugsdal var habil mot to røyster (V og Svein Bjarte Fredheim (FrP)).

Saka vart drøfta.

Veronika Hjartholm sette fram følgjande framlegg til endring i kulepkt 2:

- Geografisk driftseining Nordhordland har 3 lokasjonar, og at dette vert i Alver, Masfjorden og Osterøy/Vaksdal. Det stillast krav om at minst 5 politibetjentar har oppmøtestad ved kvar av dei 3 tenestestadane i driftseininga.

Framlegg til vedtak frå formannskapet med endringa i pkt 2 frå H sett fram i møtet vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 19.09.2024 av sak 88/2024 Politiberedskap i Nordhordland:

Uttale frå kommunestyret i Masfjorden kommune:

Krav til Justisdepartementet v/ justisministeren:

- Geografisk driftseining Nordhordland vært oppretta som ei ny driftseining i Vest politidistrikt, for kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy, Solund og Vaksdal.
- Geografisk driftseining Nordhordland har 3 lokasjonar, og at dette vert i Alver, Masfjorden og Osterøy/Vaksdal. Det stillast krav om at minst 5 politibetjentar har oppmøtestad ved kvar av dei 3 tenestestadane i driftseininga.
- Geografisk driftseining Nordhordland vært oppretta frå 1.1.2025.
- Geografisk driftseining Nordhordland, Geografisk driftseining Hordaland og Geografisk driftseining Sogn og Fjordane får tildelt budsjett for 2025, ut i frå dei same objektive vilkåra, som er innbyggjartal, tal straffesaker og talet på operative oppdrag.
- Kommunane i Nordhordland kan ikkje lenger akseptera at Vest politidistrikt fortset å skeivfordela tildelte midlar slik ein gjer i dag. Innbyggjarane i våre kommunar skal ha like god politidekning som andre kommunar ein kan samanlikne seg med.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 19.09.2024 av sak 89/2024 Retningslinjer for lærlingane i Masfjorden kommune

Saka vart drøfta.

Kariann Ekren (H) sette fram følgjande endringsforslag:

- Me godkjenner innstillinga til formannskapet om retningslinjer for lærlingar slik den ligg føre, med desse endringane.
 - Introduksjonsmøte for nye lærlingar av opplæringskontoret.
 - Endre: Instruktørar og faglege ansvarlege skal delta på desse møta.
 - Kurs for faglege leiarar og instruktørar.
 - Endre: faglege leiarar og instruktørar må delta i obligatorisk opplæring i regi av Vestland fylke.
 - Endre: Leiarar i lærebedrifter skal jamnleg ta denne opplæringa for å halde seg oppdatert.
 - Nytt punkt: Det skal jamnleg vere leiar og instruktørsamlingar internt i kommunen.

Framlegg til vedtak frå formannskapet men tilleggspunkta frå H vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 19.09.2024 av sak 89/2024 Retningslinjer for lærlingane i Masfjorden kommune:

Kommunestyret vedtek retningslinjer for lærlingar i Masfjorden kommune slik den ligg føre med følgjande tillegg frå formannskapet:

- I retningslinjene for lærlingar må det også kome fram følgjande:
 - Lærlingar har rett til godkjent veileder, fortrinnsvis fagarbeider, under heile læretida.
 - Masfjorden kommune må synleggjere til ei kvar tid kva fag ein kan tilby lærlingstillingar i.

og følgjande tillegg frå kommunestyret:

- Introduksjonsmøte for nye lærlingar av opplæringskontoret.
- Endre: Instruktørar og faglege ansvarlege skal delta på desse møta.

- Kurs for faglege leiarar og instruktørar.
- Endre: faglege leiarar og instruktørar må delta i obligatorisk opplæring i regi av Vestland fylke.
- Endre: Leiarar i lærebedrifter skal jamnleg ta denne opplæringa for å halde seg oppdatert.
- Nytt punkt: Det skal jamnleg vere leiar og instruktørsamlingar internt i kommunen.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 19.09.2024 av sak 90/2024 Framlegg til lokal forskrift om feiing og tilsyn med fyringsanlegg og regulering av feiegebyr for Masfjorden kommune

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 19.09.2024 av sak 90/2024 Framlegg til lokal forskrift om feiing og tilsyn med fyringsanlegg og regulering av feiegebyr for Masfjorden kommune:

Framlegg til lokal forskrift for feiing og tilsyn med fyringsanlegg, samt om gebyr for feiing og tilsyn for Masfjorden kommune dagsett 24.05.2024 vert godkjent i medhald i brann og eksplosjonslova sin § 28, andre ledd, § 6 tredje ledd, § 11 og § 13 fjerde ledd og § 32, samt forskrift av 17 desember 2015 nr 1710 om brannførebygging sin § 6 og 17.

Verknadsdato vert sett til 01.01.2025.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 19.09.2024 av sak 91/2024 Referatsaker

Det var dialogmøte mellom leiarar i oppvekst og kommunestyret knytt til kvalitetsmeldinga i forkant av kommunestyremøte.

Det vart lagt fram rapport frå helsegruppa 2024 v/Tina Korsøren Fjellby og Mariann Fløtre Andvik i etterkant av kommunestyremøte.

Referatsaker:

- Møteprotokoll frå Eldrerådet 25.06.24
- Informasjon om ny valglov og stortingsvalget 2025
- Vidaregåande skular i Region Nordhordland og heilskapleg tilbodsstruktur i Vestland fylkeskommune
- Oversending - Masfjorden kommune - budsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027
- Sakliste Regionråd 5-2024. fredag 13.september

Orientering frå ordførar:

- ordførar orienterte kort om status for Masfjordsambandet

Orientering frå Rådmannen:

- Rådmannen orienterte om at det er ønske om å flytte neste kommunestyremøte til 30 okt. Kommunestyret samla seg om å endre dato for neste kommunestyremøte til 30.okt

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 19.09.2024 av sak 91/2024 Referatsaker:

Referat- og orienteringssaker vert tekne til vitring.

